

Trønderlaget v/Jan Sørås
Tlf.: 90012498, e-post: jansoras@broadpark.no

Kulturdepartementet

postmottak@kud.dep.no

Om framlegg til endring i Lov om stadnamn

Trønderlaget, som er fellesorganisasjon for mållaga i Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag sør for Namdalen, har på årsmøtet sitt i dag (2. mars) gjort følgjande vedtak om dei påemna endringane i Lov om stadnamn:

Trønderlaget ser med uro på dei endringane som Kulturdepartementet foreslår i Stadnamnlova. Etter departementets forslag om endringar (i §§ 6 og 8) frå våren 2012 vil grunneigaren i dei aller fleste tilfelle kunne bestemme skrivemåten av bruksnamn. Dette vil føre til fleire ulike skrivemåtar for same staden, og det vil stride mot både bokstav og intensjon i den noverande lova. Vi vil altså få skriftformer som t.d. bruksnamnet *Mohn* og gardsnamnet *Moen*.

I lova i dag er det lagt særleg vekt på å ta vare på kulturminneomsyn og at namna skal få ei form som er praktisk i samfunnet vårt. Men skriftformer som Wahl og Schiefloe vil føre til at namna blir uforståelege for folk flest, og dei språklege røtene blir slitne av. Slik vil dei foreslåtte endringane bryte med den kulturverntanken som er ein berebjelke i den noverande utforminga av stadnamnlova.

I det moderne teknologiske informasjonssamfunnet vil dessutan mange fantasifulle skriftformer vera praktisk lite tilrådelege. I somme tilfelle vil aparte skrivemåtar vera direkte farlege, t.d. for redningstenesta, ambulanse- og brannutrykkingar.

På denne bakgrunnen vil difor Trønderlaget be om at den påemna lovendringa ikkje blir gjennomført.

Rissa den 2. september 2014

for Trønderlaget

Jan Sørås

Styreleiar